

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 28.11.2011
Sakhandsamar: **Ivar Eriksen**
Saka gjeld: **Sal av to bustader i Sauda**

Arkivsak
2009/306/
Styresak 151/11 B

Styremøte 07.12. 2011

Forslag til vedtak

1. Styret sluttar seg til sal av eigedomen Høllandsveien 13 a/b, gnr 29 bnr 163 i Sauda kommune, og eigedomen Parkveien 46-48, gnr 32 bnr 593 i Sauda kommune, i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Fonna HF i styremøte 23. november 2011.
2. Styret føreset at eigedomane blir lagde ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Fonna HF for endeleg godkjenning av sal av eigedomane.

Oppsummering

Helse Fonna HF ønskjer å selje to bustader i Sauda. Helseføretaket har no liten aktivitet i Sauda, og det er ikkje lengre behov for å eige desse bustadene for rekrutteringsføremål. Administrerande direktør tilrår i saka at det blir gitt tilslutning til sal av eigedomane.

Fakta

Styret i Helse Fonna HF gjorde i styremøte 23. november 2011 følgjande vedtak i sak 92/11 B – Sal av bustader i Sauda:

1. *Styret i Helse Fonna HF tilrår sal av Høllandsveien 13 a/b Gnr. 29 / bnr. 163 og Parkveien 46-48 Gnr. 32 / bnr. 593 i Sauda kommune.*
2. *Saka skal sendast til Helse Vest RHF for vidare handsaming.*

Saksførelegget til nemnde styresak, sak 92/11 B (Helse Fonna HF) følgjer vedlagt.

Kommentarar

Etter helseføretakslova § 31 skal sal av fast eigedom avgjerast av føretaksmøtet i det einskilde helseføretak, etter forslag frå styret. For sal av eigedomar med verdi mindre enn 10 mill kroner er det ikkje naudsynt å leggje saka fram for departementet.

Styret i Helse Vest RHF gikk i styremøtet 2. november 2011, sak 121/11 B, inn for sal av Sauda sjukehus i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Fonna HF i styremøte 7. oktober 2011. Sak er oversendt Helse- og omsorgsdepartementet med førespurnad om samtykke til sal.

I tilknytning til Sauda sjukehus eig Helse Fonna HF to bustadhus;

- eigedomen Høllandsveien 13 a/b (gnr 29 bnr 163) som er ein tomannsbustad oppført i 1972. Eigedomen er oppgitt med ein byggverdi på kr 4.036.500,-, ein tomteverdi på kr 92.000,- og ein anteken salsverdi i 2007 på kr. 1.400.000,-
- eigedomen Parkveien 46-48 (gnr 32 bnr 593) som er ein firemannsbustad oppført ca 1920. Eigedomen har ein byggverdi på kr 2.556.900,-, ein tomteverdi på kr 124.200,- og ein anteken salsverdi i 2007 på kr 1.000.000,-

Helse Fonna HF har no svært liten aktivitet i Sauda og har derfor ikkje behov for desse bustadane i rekrutteringssamanheng. Bustadane har i dei seinaste åra vore utleigde til andre enn sjukehustilsette, og styret i Helse Fonna HF har gått inn for sal.

Det er i saksførelegget til styrehandsaminga i Helse Fonna gjort merksam på at den bokførte verdien på begge bustadane er uforholdsmessig høg, og det er derfor lagt til grunn som sannsynleg at salet vil gje eit rekneskapsmessig tap.

Konklusjon

Med bakgrunn i den utgreiing som er gitt i styresak 92/11 B (Helse Fonna HF) og sett i samanheng med salet av Sauda sjukehus, står sal av dei to bustadhusa fram som ei fornuftig løysing. Administrerande direktør tilrår derfor at styret i Helse Vest RHF sluttar seg til sal av eigedomane. Ein legg til grunn at eigedomane vil bli lagt ut for sal på den opne marknaden.

Vedlegg:

Styresak 92/11 B frå styret i Helse Fonna HF